


Kultur- og kirkedepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 Oslo



Postboks 1043 Sentrum
N-0104 Oslo, Norge
Besøksadresse
Rådhusgata 1-3

Telefon +47 23 08 14 50
Telefaks +47 23 08 13 81
post@kirkeakademiene.no
www.kirkeakademiene.no

Organisasjonsnr. 971 272 597
Kontonr. 6026 05 02835

Oslo, 1. september 2008

Medlem av Ecumenical
Association of Academies
and Laity Centres in Europe
(EAALCE)

Deres ref: 2008/00738 KIA tbh

Vår ref: 387/420

Høyringsvar til innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke"

Vi takkar for høvet til å koma med høyringsvar til innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke".

Norske kirkeakademier (NKA) er ei økumenisk lekmannsrørslé med omlag 60 lokale kyrkjeakademier rundt om i landet og med eit sekretariat i Oslo. Vi har fylgt utviklinga i forholdet mellom stat og kyrkje med stor interesse, og kome med innspel til den debatten i tidlegare høyringar. Det er også naturleg for oss å kommentera på ei innstilling som omhandlar demokratiet i Den norske kyrka.

Tema og fokus

NKA meiner at forslaga som arbeidsgruppa bak denne innstillinga kjem med kan bidra positivt til å styrka demokratiet i kyrkja. Først og fremst vil tiltaka kunna skapa eit større engasjement i forhold til kyrkjeleinga, fordi innstillinga fokuserer på korleis ein kan bidra til auka oppslutning i kyrkjelege val og ha større innverknad på samansetninga av kyrkjelege organ. Innstillinga seier ikkje noko om andre former for deltaking og oppslutning om kyrkjelege aktivitetar og arbeid. Det er såleis eit nokså snevert mål på deltaking og demokrati som er utgangspunkt for arbeidsgruppa sitt arbeid. Men fordelene er at innstillinga dermed er fokusert og dei skisserte tiltaka konkrete.

Valdeltaking og organisering av val

Den låge valdeltakinga ved soknerådval i Noreg (4.3 % ved siste val), er ein av grunnane til at fokuset i innstillinga er på gjennomføring av kyrkjelege val. Det er positivt at arbeidsgruppa kjem med konkrete forslag til korleis vala kan organiserast på ein annan måte - og med ulike modellar for både direkte- og indirekte val på representantar til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Slik kan kyrkja sine medlemmer få større innverknad på samansetninga i desse organa.

Tidlegare undersøkingar og forsøksordningar har vist at det er eit potensial for å rekruttera fleire veljarar ved kyrkjelege val dersom vala blir lagt samstundes med politiske val. Eit samanfall i tid kan bidra til å skapa større merksemd om dei kyrkjelege vala, og gjera det lettare for folk flest å delta.

Men det vil krevja store ressursar og administrativ kapasitet m.o.t. informasjon og organisering, utsending av valkort til alle kyrkjemedlemmer etc. Demokrati kostar.

Det har kome prinsipielle innvendingar frå andre trus- og livssynssamfunn (mellom anna Humanetisk Forbund) mot at Den norske kyrkja eventuelt skal få prøva ut ei slik ordning. Dei reagerer på at Den norske kyrkja får særbehandling, og at val til eit trussamfunn blir blanda saman med politiske val. For NKA som også representerer andre kristne trussamfunn enn Den norske kyrkja, og som dessutan er engasjert i dialogen med andre religionar og livssyn, er dette synspunkt det er verdt å lytta til og ta alvorleg.

Det er grunnleggande viktig at kyrkjelege val på same dag som politiske val blir gjennomførte på ein slik måte at dei ikkje kan samanblandast med politiske val. Vala bør difor ikkje vera i same lokale til dømes. Denne problemstillinga er også arbeidsgruppa klar over.

Arbeidsgruppa opnar for at også andre trus- og livssynssamfunn skal få same moglegheit til å gjennomføra val til sine respektive organ samstundes med offentlege val. NKA vil hevda at dersom det skal vera noko realisme i dette, bør også minoritetane få auka økonomiske ressursar til å kunna førebu og gjennomføra tiltak, på same måte som Den norske kyrkja vil bli tilført betydelege statlege midlar for å kunna gjennomføra sine val. Først då blir prinsippet om større likebehandling av trus- og livssynssamfunna truverdig.

I tillegg til tidspunkt og lokalisering – er informasjon og presentasjon av kandidatane og kva dei står for – viktige faktorar som spelar inn i forhold til interesse og oppslutning om val. NKA er glad for at arbeidsgruppa legg vekt på at det skal etablerast reelle valalternativ. Det inneber at det må rekrutterast tilstrekkeleg mange kandidatar, og at dei må representera eit mangfald med omsyn til syn, bakgrunn, geografi og alder etc. Det er også positivt at det skal gjerast større bruk av direkte val på representantar til Bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. NKA støttar forslaget om at røysteretten blir senka til 15 år.

NKA er positiv til at arbeidsgruppa foreslår å auka talet på leke representantar til Bispedømmeråda og Kyrkjemøtet. Meir makt til lekfolket på bekostning av geistlig makt bidrar til å styrka representativiteten og legitimiteten til sentrale kyrkjelege organ.

Med desse kommentarane til grunn, vil NKA støtta forslaget om å leggja komande val av representantar til sokneråd og kyrkjemøtet samstundes med Stortingsval i 2009 og kommuneval i 2011. Ordningane med bruk av direkte og indirekte val, samt preferanseval bør prøvast ut, men vi vil understreka at ordningane må evaluerast i etterkant.

Med venleg helsing

Norske kirkeakademier

Anne Vertberg
Generalsekretær